Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. | Fylke: Buskerud

Tilleggsspørsmålnr. til nr. 7 | Herad: Krødsherad

Emne: Skor | Bygdelag:

Oppskr. av: Truls G. Opsen | Gard: Opsen

(adresse): Flakkum, Vikersund | G.nr. 221 Br.nr. 1–2

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Merk av eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Skor.

1. Det er ukjent at krøtterhandlerar betalte meir for dyr om våren, hvis dei hadde fått skor om vinteren, eller ikkje.

2. Heller ikkje at kjøtet vart svart, eller vart udugande, om dei hadde fått skor.
Det var skor av osp som blei nytta.

3. Det var heller ikkje tru eller røynsle at mjølk av ku som hadde fått skor, var farleg for kalvar eller smågriser.

4. Det var helst på mindre bruk og husmannsplassar dei brukte å skora til dyra, og heller ikkje der støtt. Det var serleg i vårknipa dei måtte ty til å bruka skor som naudfor. – Men det var som mange som meinte, at dei fekk meir rømme på mjølka og at det var sundt for dyra å bruka skor, men ikkje for mykje, for da ville det lett bli smak på mjølka.
Nokon fast regel for kå mykje det trengst til kvart år, har eg ikkje høyrt noko om.

5. Til skorkniv vart gjerne ein kvass, stutt ljå brukt, med handtak av tre. Den kvasse egga vart nytta til å

9071

hale ut skier, åser o. l.

6. Har ikkje kjennskap til at stauer eller stolper var brukt til stå stokkmeiern mot.

7. Vanleg hadde kvar gard skorskog til eige bruk. Dei som ikkje det hadde, t.d. husmannsplassane, fekk gjerne ta i skog som hørte til garden, der plassen stod under.

Det kunne også vera det høve, at ein slik rett i annan manns skog var tillagt på rettsgyldig måte til eit bestemt bruk, men nåtildags vert den sjelden eller aldrig gjort bruk av.

Sjå 7. 8. Deling av sameigeskog til skoring er ukjent.

9. Det fins ikkje ålmenning i Krødsherad.

10. Som før nemnt, fekk husmannen lov til å ta skog i skogen til husbonden, utan å ha nokon serrett.

11. Har ikkje hørt om årleg skorhelle i Krødsherad.

12. Kjenner ikkje noko om, at gardsnemnd kunne setje straff på skorsveden att, om ein hadde slurva med skoringa.

9071